

## Forslag til vedtak

### Sak 9 - Fortsetter prisveksten på fisk?

Styret inviterer representantskapet til å fatte slikt vedtak:

Representantskapet i Pelagisk Forening tek sjefanalytikar Finn-Arne Egeness frå Nordea sitt innlegg til orientering.

I år har det vore vesentlege nedgangar i kvotane for fleire viktige kommersielle artar. For somme artar har kvotenedgang vore varsla. Fiskeri er hausting av naturen, og det er ei kjent sak at det er både bølgetoppar og bølgedalar i fiskeri. Slik sett bør det ikkje koma overraskande at det kjem ein «korreksjon» etter mange gode år.

Kvoteråda er basert på forskning, og representantskapet ønsker berekraftige fiskeri. Det er difor svært viktig å ha fokus på best mogleg bestandsforskning, og heile tida søkje å optimalisere forvaltninga.

Representantskapet meiner at marknadsarbeid er eit langsiktig arbeid, men med lågare kvotar er det desto viktigare å auka innsatsen på generisk marknadsføring. Det bør m.a. fokuserast på at fisk er sunn mat, og mat med låge klimautslepp.

Samstundes som kvotane har gått ned har fallande kronekurs ført til stadig aukande prisar målt i norske kroner. I verdensmarkedet har ikkje prisane auka tilsvarande og prisane er derfor svært sårbare for valutasvingningar.

Mjøl- og oljeprodukt er sunne produkt med høg grad av fleirumetta fett og omega-3 som har ei rekke anvendelsesområde. Stor etterspurnad etter fisk til produksjon av mjøl og olja har ført til høge prisar på fisk levert til mjøl og olja. Representantskapet meiner at det er positivt med stor etterspurnad. Det er grunn til å tru at etterspurnaden vil auka ytterlegare. Det kan føra til høgare prisar både for fisk til mjøl og olja, og til konsum.

Det er slik at EU har høgare tollsatsar på tilverka norsk fisk enn kva EU har på utilverka fisk, og Japan har høgare tollsatsar på norsk makrell enn kva Japan har på makrell frå EU. Dette påverkar konkurransekraft for norsk fiskerinæring.

USA har nyss auka tollsatsane kraftig. Det skapar stor uro i verdshandelen, og bekymring for handelskrig. Dette vil påverka eksport og prisar.

Representantskapet meiner at norske myndigheiter må arbeide for å sikra Noreg gode handelsavtalar for norsk fisk. Representantskapet meiner det fortsatt må være vanntette skott mellom marknadsadgang og kvoteavtaler på fisk og sjømat.